



OH NATURSAND AS  
Ytre Arna-vegen 100  
5261 INDRE ARNA

Sakshandsamar:  
Åsmund Skancke Karlsnes

## Rapport frå inspeksjon ved OH Natursand AS

Kontrollnummer: 2022.260.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Jan Otto Midttun  
Endre Mo

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*  
Åsmund Skancke Karlsnes  
Mari Katrine Berg-Arnesen  
Gry Walle

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved OH Natursand AS (971806338) den 11. november 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja inga avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Vi avsluttar med dette oppfølginga av tilsynet.

Mari Katrine Berg-Arnesen  
overingeniør

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Modalen kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> OH Natursand AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 971806338	<b>Eigd av:</b> 933717976
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 08.120 - Utvinning fra grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Helland Sandtak	<b>Anleggsnr.:</b> 4629.0009.01
<b>Kommune:</b> Modalen	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Mineralsk industri, unntatt pukkverk	

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Det er ingen oppfølging etter tilsynet.

#### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. september 2022. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må OH Natursand AS betale eit gebyr på kr 14 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

#### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

#### **6. Avvik**

Vi fann ingen avvik under inspeksjonen.

#### **7. Merknader**

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

#### **8. Andre forhold**

I Norce LFI rapport nr 389, vart det registeret stor tilførsel av finsediment frå sidebekk ut i Modalselva (april 2020). Sidebekken renn ut rett nedstraums sandtaket. Under tilsynet vart det sannsynleggjort at tilslamminga som vart registeret i 2020 stamma frå eit ope sår lenger oppe i nedbørsfeltet, på naboeigedommen. OH Natursand AS registrerte tilslamminga av bekken, og fann punktet for utlekking på naboeigedommen. I samråd med grunneigar gjennomførte dei tiltak på området, og tilførsel av partiklar til elva stoppa. Det hadde vore mykje nedbør i området i lang tid i forkant av og under tilsynet, vassføringa var god og bekken var rein.

#### **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)